



# Åseral kommune

EINING FOR SERVICE REISELIV OG KULTUR

## LEIGE AV LOKALE I ÅSERAL RÅDHUS

- Nøkkel vert utlevert mot kvittering på servicekontoret (kontortid 09:00 – 14:00).
- Nøkkelen må ein levera tilbake så snart som råd etter bruk.

### Som leigar er du ansvarleg for at fylgjande reglar vert fulgt:

- Lese og sette deg inn i branninstruks
- Romet som har vore i bruk skal ryddast. Bord og stolar skal setjast på plass slik dei stod før arrangementet tok til
- Koppar som er brukt skal vaskast opp (detaljert brukarretteleing heng på veggen v/steamer)
- Kaffikanner skal tømast og skylast
- Sjøppel skal kjeldesortert og bringast ut i søppelbu av leigetakar. Fjernkontroll til søppelbu ligg i skuff 1 v/telefonbenk
- Combidamper skal alltid reingjerast etter bruk. Sjå rettleiing
- Areal skal ryddast og gjerast klar for reingjering – dvs. moppe golv reine for sand og smuss
- Vindaugo og dører skal vera lukka/låst når du forlet møtelokalet. Sløkk ljuset i rom som har vore i bruk
- Det er røykeforbod i Åseral rådhus (jfr. Tobakkskadelova av 01.01.96)
- Dersom punkta ovanfor ikkje vert overholdt, kan ansvarleg leigetakar bli fakturert, jfr. gjeldande avgift og gebyr

### Informasjon:

- Det er installert alarm på rådhuset. Meir informasjon om dette kan du eventuelt få på servicekontoret
- Det er hjartestartar synleg plassert i vestibyle
- Rådhuset blir reingjort kvar morgon arbeidsdagar
- Skillevegg mellom Monn og Logna kan ein fjerne ved å bruke nøkkel som ligg i øverste skuff v/telefonbenk
- Det er plass til maks 110 personar når lokala ovanfor er slått saman, kommunestyresalen Skoræ: maks 50 personar.
- Damaskdukar kan brukast i private selskap. Leigar skal levere brukte dukar til rens til Aktiv Åseral umiddelbart etter selskapet.
- Avdeling for drift og utvikling, vakttelefon fredag 15:00 – måndag kl. 07:00: 970 96 200
- Flagg kan ein heise ved private arrangement. Flagget ligg på hattehylle i andre etasje
- Kaffibryggar er påkopla straum vekedagar til kl. 22:00

### Skru av/på alarm:

- **Alarm av:** Tast inn kode (fire siffer) så # - **Alarm på:** Tast inn kode (fire siffer) så #

### BRANNINSTRUKS VED UTLIIGE AV ÅSERAL RÅDHUS

- Leigetakar skal ha ein person som er ansvarleg for at denne branninstruks blir fylgd og at denne personen er tilstades under heile arrangementet.
- Denne personen skal saman med ein representant frå Åseral Rådhus gå gjennom branninstruksen og gjera seg kjent i bygget.
- Leigetakar skal vera kjent med plassering og bruk av brannslangar og pulverapparat. (sjå s. 2)
- Leigetakar skal vera kjent med rømningsvegar i bygget. Han skal og påsjå at alle rømningsvegar er frie, dvs. at det ikkje er plassert bord, stolar eller liknande som kan hindra bruk av rømningsvegane.
- Alle branndører skal vera lukka, dvs. at dørpumper ikkje er demontert, kilar under dørene eller liknande. Dette gjeld ikkje dører som er magnetholdarar på og er kopla opp mot brannalarm-anlegget.


## VED BRANN/BRANNVARSLING:

- Ring brannvesen på tlf. 110. Opplys kven som ringer og kor det brenn
- Evakuer på ein rolig måte. Alle samlast på plassen utanfor Rådhuset. Kontroller at toalett/garderober er tomme
- Lukk alle dører og vindauger - Lokaliser brannen og prøv å sløkkja

### Vedlegg:

Orienteringsplan Åseral rådhus

Utlån- og ordensreglar for kommunale bygg i Åseral, vedteke av kommunalutvalet 16.06.2009, sak 09/55



**TEGNINGSYMBOLER**

- HÅNDSLURKER
- BRANNSLANKE
- BRANNUTSLØK
- MANUELL MELDER
- BRANNSENTRAL

SØMINGSVEI / RETNING

**BRANNINSTRUKS**

1. BRANN HÅ STRAKS FÅSLES
2. BRANNVEISET CVET TELEFON 112
3. VÅRSELE ALLE SOM OPPHOLDER SEG I BYGGET
4. 15. UT ALLE SOM ER TRUET AV RØYK OG BRANN
5. FØRSØK Å SLØKKE
6. LUKK DØRER OG /INJUER
7. VØTT OG INFORMER BRANNVEISET
8. HEISEN HÅ IKKE BENVITTES

REV	NOE	REV	UTGIVELSE	PROJEKTANT
		1.15		APRA
				JANUARI 2015
				3468.05-101
				3468.05-101
				3468.05-101

## UTLÅN - OG ORDENSREGLAR FOR KOMMUNALE BYGG I ÅSERAL

1. Kommunale bygg er ope for alle lovlege føremål. Ingen kan nektast grunn av religiøs eller politisk oppfatning. Utlån kan likevel nektast til føremål som kan påføre lokale skader, eller som kan vere til stor sjenanse for naboar. Skulen skal ikkje nyttast til overnatting, leirslåing og liknande. Arrangement i skulens regi er unntateke.
2. Prisen for leige av kommunale lokaler blir fastsett i budsjettet, sjå [www.aseral.kommune.no](http://www.aseral.kommune.no), gebyr og avgifter.
3. Den ansvarlege leigar skal vere minst 18 år. Leigar kan bli erstatningsansvarleg for skadar på inventar, utstyr, bygningar og uteområde som måtte oppstå i samband med eller som følgje av tilstellingar. Leigar er og ansvarleg for at alle rettar seg etter gjeldande ordensreglar. Ved tilstelling for ungdom skal ansvarleg leigar, eller representant for denne, over 18 år, vera fysisk til stades ved arrangementet heile tida. Uleigar ser særleg til at det er tilstrekkeleg vakthald og tilsyn om aktiviteten strekkjer seg utover kvelden/natt – då særleg i helgene. Idrettsarrangement i fleirbrukshallen i regi av ÅIL kan etter avtale unntas frå aldersgrensa.
  - Leigar kan berre bruka den delen av huset og utstyret som det er gjort avtale om.
  - Ein bør unngå at arrangement vert lagt til dagar med faste aktivitetar for eksempel i fleirbrukshallen. Treningar, øvingar eller andre faste aktivitetar må likevel vike for andre arrangement, når utleigar vurderer desse som viktigare.
  - Utleigar er ansvarleg for at leigar har høve til å gjere seg kjent med ordensreglane og brannvernreglane. Den/dei som får tildelt fast treningstid i fleirbrukshallen mm. pliktar å delta på informasjonsmøte kvar haust.
  - Det er tillate å nyta alkohol i lukka selskap. Dette kan gjelda bryllaup, årsmålsdagar og liknande. I barnehagen, skulen og fleirbrukshuset er det likevel ikkje høve til å nyta alkohol. Leigar skal opplysa til utleigaren om det vil bli nytt alkohol.
  - Reingjering og rydding har ulik rutine frå lokale til lokale, og skal utførast etter avtale med reinhaldsavdelinga i Avdeling for drift og utvikling. Utleigar opplyser om dette.
  - Offentlege tilstellingar skal vera slutt kl. 23:30. om ikkje anna er avtala. Sluttidspunktet for private tilstellingar vert fastsett etter avtale med utleigar.
  - Utleigar kan setje vilkår og gje pålegg som leigar pliktar å rette seg etter.
  - Ved brot på ein eller fleire av desse reglane kan leige nektast for kortare eller lengre tid. Vedtak om dette blir fatta av rådmannen, men kan påklagast til OKU som avgjer saka med endeleg verknad.
4. Rådmannen har fullmakt til å utarbeida reglar for spesielle område og installasjonar i kommunale bygg i Åseral. Dette gjeld symjehallen, AV-utstyret og køyring av teleskoptribunane i fleirbrukshallen og oppfylging av grendehusa Kylland og Lognavatn. Desse reglane skal baserast på ovannemnde utlån – og ordensreglar.

*Vedteke av kommunalutvalet 16.06.2009, sak 09/55*

## KØYRING OG PARKERING I OG VED RÅDHUSET

Trafikken inn i rådhuset og parkering er regulert med oppsette skilt. Innkøyring i tunet gjeld berre for varelevering, sjuketransport og for rørslehemma. Alt anna køyretrafikk/parkering er forbode inne i tunet. Dette gjeld heile døgnet. All parkering, bortsett frå rørslehemma og sjukebil, skal foregå på oppmerka plassar på parkeringsplassen.